

TEMADAG

2026

PLANLEGGINGSDOKUMENT

Avsluttande individuelt prosjekt i konseptutvikling og programmering

Elev	Peter Tharaldsen Byrkje
Skule	Voss Gymnas
Fag	Konseptutvikling og programmering
Lærer	Leif
År	2026
Publisert	elevweb.no/peter/

INNHALDSLISTE

01	Situasjonsbeskrivelse og Konsept	3
02	Funksjonelle Krav	4
03	Målgruppe og Brukaranalyse	4
04	Designval og Stilguide	5
05	Mappestruktur	6
06	Wireframes	7
07	Datamodell	10
08	Testplan	11

SITUASJONSBESKRIVELSE OG KONSEPT

Skulen arrangerer kvart år ein temadag der elevar kan melde seg på ulike aktivitetar. I dag skjer denne påmeldinga manuelt, noko som er tidkrevjande for både elevar og tilsette. Målet med dette prosjektet er å lage ein digital prototype som gjer prosessen enklare og meir oversiktleg for alle partar.

Løysinga er ei nettside med to hovudsider: éi for elevane der dei kan sjå aktivitetar og melde seg på, og éi for administrasjonen der tilsette kan opprette, redigere og slette aktivitetar, samt sjå oversikt over alle påmeldingar.

Kjerneproblema vi løyser

Manuell påmelding: Elevar og lærarar bruker unødvendig tid på papirbasert eller ustrukturert digital påmelding.

Mangel på oversikt: Ingen sentral plass der ein kan sjå kva aktivitetar som er tilgjengelege, når dei er, og kor mange plassar som er att.

Vanskeleg administrasjon: Tilsette har ingen enkel måte å opprette eller endre aktivitetar på utan teknisk kompetanse.

FUNKSJONELLE KRAV

Elevside

Krav	Beskriving	Prioritet
Sjå aktivitetar	Elevar skal sjå alle aktivitetar med namn, tid, lærar og ledige plassar	Høg
Påmelding	Elevar kan melde seg på ei aktivitet via eit skjema	Høg
Skjemavalidering	Alle felt blir validert med feilmeldingar i JS før innsending	Høg
Nedteiling	Ei levande nedteiling til temadagen startar vises på hovudsida	Middels
Responsivt design	Sida fungerer på mobil, nettbrett og PC	Høg
Status på plassar	Tydleg markering av om aktiviteten er open eller full	Middels

Adminside

Krav	Beskriving	Prioritet
Dashboard	Oversikt med tal på aktivitetar, påmeldingar og fulle aktivitetar	Middels
Opprett aktivitet	Skjema for å lage ny aktivitet med alle nødvendige felt	Høg
Rediger/slett	Moglegheit til å endre eller fjerne eksisterande aktivitetar	Høg
Sjå påmeldingar	Tabell med alle påmeldingar, filtrerbar per aktivitet	Høg
Fjern påmelding	Admin kan slette enkeltpåmeldingar	Middels

MÅLGRUPPE OG BRUKARANALYSE

ELEV

Alder	15–19 år
Mål	Finne ein interessant aktivitet raskt og melde seg på
Frustrasjon	Kompliserte skjema, uklare instruksjonar, sida fungerer ikkje på mobil
Krav	Enkel, rask og tydeleg påmelding. Mobilvennleg.

TILSETT / ADMIN

Alder	25–60 år
Mål	Administrere aktiviteter og sjå kven som har meldt seg på
Frustrasjon	Manuell oppteljing, uoversiktleg informasjon, mange e-postar
Krav	Enkel administrasjon, god oversikt, moglegheit for endringar

DESIGNVAL OG STILGUIDE

Designet er inspirert av gaming-estetikk med ein mørk bakgrunn, skarpe kontrastfargar og eit reint, funksjonelt layout. Målgruppa (ungdom) kjenner seg att i denne stilen. Fokuset ligg på lesbarheit, tydeleg hierarki og rask orientering.

Fargepalett

Variabel	Hex	Bruk
--bg	#0d0d0d	Sidebakgrunn
--bg2	#141414	Navigasjon, seksjonsflater
--bg3	#1c1c1c	Skjemafelt, hover
--accent	#00e5ff	Primærfarge, lenker, merking
--accent2	#7c3aed	Sekundærfarge, admin
--text	#e8e8e8	Brødtekst
--muted	#888888	Sekundærtekst, etikettar
--danger	#ff4444	Feil, fulle aktivitetar
--success	#00c851	Suksess, opne aktivitetar

Typografi

Font	Vekt	Bruk
Rajdhani	Bold (700)	Overskrifter, nav-logo, nedtelling, knappar
Inter	Regular / Medium (400–600)	Brødtekst, skjemaetikettar, tabellinnhald

Designprinsipp

- Mørk bakgrunn med høg kontrast for lesbarheit og gaming-vibe.
- Sticky navigasjon – alltid tilgjengeleg uansett kor på sida ein er.
- Cards med hover-effekt – tydeleg klikk-interaksjon utan å vere forstyrrende.
- Responsive layout med CSS Grid og Flexbox, fungerer frå 320px og opp.
- Universell utforming: focus-synleg på alle interaktive element, aria-label på hamburger.

→ Minimalt med animasjonar – berre translate(-2px) på hover, ikkje distraksjon.

MAPPESTRUKTUR


Filene er organiserte i ein logisk mappestruktur med skildande namn. CSS og JS ligg i eigne mapper, og admin-sidene er samla i ei eiga mappe.

temadag/	Rotmappe for prosjektet
■■■ index.html	Hovudside med aktivitetsoversikt
■■■ pamelding.html	Påmeldingsskjema for elevar
■■■ nedlasting.html	Nedlasting av dokumentasjon
■■■ css/	
■ ■■■ style.css	All styling for heile nettsida
■■■ js/	
■ ■■■ countdown.js	Nedtelling til temadagen
■ ■■■ validering.js	Skjemavalidering (Del 3)
■ ■■■ nav.js	Hamburger-meny for mobil
■■■ admin/	
■ ■■■ index.html	Admin dashboard
■ ■■■ aktivitetar.html	Administrer aktivitetar
■ ■■■ ny-aktivitet.html	Opprett ny aktivitet
■ ■■■ paameldte.html	Sjå alle påmeldingar
■■■ docs/	
■■■ planlegging.pdf	Dette dokumentet
■■■ datamodell.png	drawSQL-skjermdump
■■■ forbetringar.pdf	Forbetringsforslag

WIREFRAMES

Wireframes viser korleis dei ulike sidene er planlagde å sjå ut. Kvart element er plassert med tanke på brukarflyt og lesbarheit. Dei er laga med desktop-visning som utgangspunkt.


index.html — Hovudsida



Wireframe: index.html

- Navigasjonen er sticky og ligg øvst på sida til ei kvar tid.
- Hero-seksjonen har ein levande JS-nedtelling og ein primær CTA-knapp.
- Aktivitetane visast som kort i eit responsive grid (3 → 2 → 1 kolonne).
- Kvart kort viser kategori, namn, tid, lærar og status-badge (Ledig/Fullt).


pamelding.html — Påmeldingsskjema



Wireframe: [pamelding.html](#)

- Skjemaet er sentrert med maks-breidde 600px for lesbarheit.
- Kvart felt har ein synleg feilmelding som dukkar opp ved ugyldig inndata.
- Aktivitets-dropdown er forhåndsutfyllt om brukaren kjem frå ein aktivitetskort-lenke.
- Etter vellukka innsending visast ei grøn suksessmelding i staden for skjemaet.

admin/index.html — Admin Dashboard



Wireframe: admin/index.html

- Dashboard-sidene har fire statistikk-kort øvst for rask oversikt.
- Tre handlingsknapper gir direkte tilgang til dei viktigaste admin-funksjonane.
- Tabellen viser dei siste påmeldingane med alle relevante opplysningar.

admin/aktivitetar.html — Administrer aktiviteter

DATAMODELL

Databasen er modellert i drawSQL. Under er ei skildring av tabellane, felta og relasjonane. Sjå vedlagt skjermdump (datamodell.png) for visuell representasjon.

AKTIVITET

Felt	Type	Nøkkel	Beskriving
aktivitet_id	INT	PK, AUTO_INCREMENT	Unik ID for kvar aktivitet
namn	VARCHAR(100)	NOT NULL	Namnet på aktiviteten
kategori	VARCHAR(50)		Kategori (Sport, Tech, osv.)
beskriving	TEXT		Kort beskriving
starttid	TIME	NOT NULL	Når aktiviteten startar
sluttid	TIME	NOT NULL	Når aktiviteten sluttar
max_plassar	INT	NOT NULL	Maks antal deltakarar
laerar_id	INT	FK → laerar	Ansvarleg lærar

LAERAR

Felt	Type	Nøkkel	Beskriving
laerar_id	INT	PK, AUTO_INCREMENT	Unik ID for kvar lærar
fornamn	VARCHAR(50)	NOT NULL	Fornamn
etternamn	VARCHAR(50)	NOT NULL	Etternamn
epost	VARCHAR(100)	UNIQUE	E-postadresse

PAMELDING

Felt	Type	Nøkkel	Beskriving
pamelding_id	INT	PK, AUTO_INCREMENT	Unik ID for kvar påmelding
elev_namn	VARCHAR(100)	NOT NULL	Fullt namn på elev
klasse	VARCHAR(10)	NOT NULL	Klassen til eleven

epost	VARCHAR(100)	NOT NULL	E-postadressa til eleven
aktivitet_id	INT	FK → aktivitet	Kva aktivitet dei er påmeld til
tidspunkt	DATETIME	DEFAULT NOW()	Når påmeldinga vart registrert

Relasjonar

`aktivitet.laerar_id → laerar.laerar_id` (Mange-til-ein: mange aktivitetar kan ha same lærar)

`pamelding.aktivitet_id → aktivitet.aktivitet_id` (Mange-til-ein: mange påmeldingar per aktivitet)

TESTPLAN

Under er ein plan for korleis løysinga skal testast systematisk. Testane dekkjer funksjonalitet, validering, responsivitet og brukaropplevinga.

#	Test	Forventa resultat	Status
1	Sida lastar korrekt på desktop	Alle element synlege, ingen konsolleirar	—
2	Sida lastar korrekt på mobil (320px)	Hamburger-meny synleg, grid er 1 kolonne	—
3	Skjema: send utan å fylle ut	Alle feilmeldingar visast	—
4	Skjema: ugyldig e-post	Feilmelding på e-postfeltet	—
5	Skjema: berre eitt ord i namn	Krav om for- og etternamn	—
6	Skjema: korrekt utfylt	Suksessmelding visast	—
7	Nedtelling oppdaterast kvar sek.	Tal endrar seg utan side-refresh	—
8	Aktivitetskort → påmeldingsside	Riktig aktivitet er forval i dropdown	—
9	HTML-validering (W3C)	Ingen kritiske feil	—
10	CSS-validering (W3C)	Ingen kritiske feil	—
11	Admin: opprett ny aktivitet	Validering fungerer, suksessmelding	—
12	Admin: filtrer påmeldingar	Berre valde aktivitet visast	—